



**Trass i strenge restriksjonar tyder alt på at dette vert ein ny og god fiskesesong i Uskedalselva. No, før ein månad av sesongen har gått, er 100 kilo fisk nyleg passert går det fram av den ferskaste statistikken frå elveigarlaget.**

Det er framleis Ove Eidsvåg frå Frøya/Valen som har teke den største fisken på 9,7 kilo, men Jostein Almås frå Stord hevdar seg som vanleg sterkt ettersom han no har fått ein ny storfisk.

Han opna med ein på 8,3 kilo og no har han fått ein på 7,5 kilo. Også den siste har han fanga i Haugland-området. Det er den første fisken han visar fram på biletet over.

Bjørn Åsen har fått ein på 5,6 kilo i Gravehølen, noko som bekreftar at vaksen fisk også går langt opp i elva.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen